

Konsert m.m. i Helgheim - Røysterett for Alle m.fl.

21.04.2017



Klare for siste finpussing

Komande torsdag 27.04. kl. 19.00 vil det verta konsert med noko attåt i Helgheim. Hovudaktør er Røysterett for Alle med dirigent Maria Malmsten, men ein del tilleggskrefter er og sette i sving

Røysterett vil "opna ballet" med ei a capella-avdeling. Songgruppa GLIMRAH, også under leiing av Maria Malmsten, vil så gje ei lita avdeling. Rekkefylge på resten er ikkje endeleg avklara, men me kan lokka med fylgjande:

Me har vore så heldige at me har fått Bjarne Øymyr til å akkompagnera Røysterett på nokre av songane me framfører - og me har fått lovnad om at han skal framföra to solostykke på piano. Nokre av dykk kjenner han sikkert som pianisten i bandet på den årlege bokerkvelden på Rød. Han har spela med Jazzverket, og han speler med Kari Malmanger Band og fleire band i jazzmiljøet i Bergen (BATS, Fredrik Saroea Quintet m.fl.). Han er også med i ein del ting lokalt.

Thor Ivar Hellesøy, korets trubadur, vil framföra nokre songar til eige gitarrakkommagnement.

Me som har høyrт han før, ser fram til å høyra meir frå han.

Ei gruppe som vert kalla Firarbanden, skal framföra to svenske songar. Dei fire mannsrøystene er uviljuge til å karakterisera seg sjølv, så de får koma og høyra.



Utsikt frå bassposisjon - me ynskjer velkommen til alle som kunne tenkja seg å få seg slik utsikt i praksis, eventuelt tenor-, alt- eller sopranutsikt

Røysterett vil, som sagt, syngja meir, og dersom me får videokanona til å virka, kan de som kjem, få høve til å høyra dykk sjølve i ein allsong eller to.

Det vil også verta ein rask runde med loddsal og trekking av gevinstar i ein fei ein stad midt i arrangementet.

Fyll Helgheim på torsdag, me trur ikkje de vil gå sure heim att. Inngangspengane er latterlege 50,- kr for ein, 100,- kr for familie (utan omsyn til storleik).

Det vil og verta sett opp plakatar om arrangementet.

Tekst og foto: Svein Rimestad.

Nett: Thor Inge Døssland